



Retningslinjer for fritidsfond for Solund kommune

1. Føremål:

Solund Fritidsfond har som føremål å gi barn og unge i alderen frå og med 5 -19 år i søknadsåret moglegheit til å delta i fritidsaktivitetar til trass for utfordrande familieøkonomi.

2. Målgruppe:

Barn og unge mellom 5 og 19 år som er folkeregistrert i Solund kommune, og som ikkje allereie mottok støtte til fritidsaktivitetar via NAV.

3. Støtta skal brukast til:

Betaling for kostnader knytt til fritidsaktivitetar i Solund kommune, eller ein av nabokommunane. Dette kan blant anna vere:

- medlemskontingent
- trenings- og aktivitetsavgift
- kulturskuleavgift
- lisensar
- eigenandel for turar, treningsleirar, deltaking på stemne og cupar m.m.

4. Støttebeløp:

Det kan bli gitt maksimalt 3.000,- kr. i støtte til eit enkelt barn/ungdom i løpet av eit år. Søknadsbeløp må være minimum 300,- kr. pr. barn/ungdom. Det kan søkjast fleire gonger i løpet av året.

5. Søknadsprosedyre:

Søknader går via digitalt skjema på Solund kommune si heimeside.

a) Føresette eller søkjarar som har fylt 16 år søkjer via digitalt skjema på Solund kommune si heimeside.

b) Lag og organisasjonar kan søkje direkte for brukar, til aktivitetar og medlemskap. Her stillast det eit krav til at organisasjonen må følgje opp brukaren for å sikre faktisk deltaking. Det kan innebere m.a. motivasjon, transport, fylgje, m.v.

Det er ingen søknadsfrist. Søknader vert handsama fortløpande, og ein kan vente svar seinast innan 4 veker. Søknaden skal innehalde informasjon om kven det blir søkt for og kva det blir søkt støtte til. Søkjar lastar opp kvittering for betalt faktura og får denne refundert frå fritidsfondet. Alternativt betaler fritidsfondet ut på forskot, mot framvising av kvittering på betalt faktura i etterkant.

Det vert ikkje stilt krav om dokumentasjon av søkjar sin økonomiske situasjon, ordninga er tillitsbasert.



6. Søknadshandsaming:

Søknaden vert enkelt handsama administrativt av sakshandsamar i Frivilligsentralen i kommunen.

7. Personvern:

Søknaden vert handsama konfidensielt, og sletta når det ikkje lenger er bruk for den.

8. Kjendtgjering

Alle som er i kontakt med barn og unge, inkludert offentlege tenesteytarar og fritidsleiarar, skal jamleg gjerast kjende med tilbodet.

- Tilbodet skal gjerast kjent til alle føresette, barn og unge i kommunen, minst 2 gonger i året.
- Til lag og organisasjonar minst ein gong i året.
- Vere kontinuerleg synleg på kommunen si nettside m.v.